

Først av alt: Kristiansand BK sine nettsider ved Snorre, er ein uvurderleg ressurs for bridgen i Norge. Det er faktisk det einaste forumet vi har på nett for debatt kring aktuelle organisatoriske, bridgefaglege og bridgepolitiske saker.

Eg håpar og trur at du Snorre har tjukt nok skinn til å tåla at enkelte meiner du ikkje er objektiv nok i rolla di som redaktør av dette forumet. Eg syns du skal ta det som ei fjør i hatten – ei skikkeleg stor ei – at det er skapt ein engasjert debatt. Det er beste teiknet på at du har lukkast med det du held på med!

Nå skal ikkje eg leggja meg opp i diskusjonen om kva som burde vore publisert eller ikkje, men heller prøva å gjera greie for kvifor eg ønskjer Jan Aasen som president i NBF.

Eg kjenner heller ikkje Jan Aasen. Då det storma som verst i NBF, var eg berre ein vanleg klubbspelar av det sosiale slaget, som ikkje ofra svært mykje tankar og tid på det som skjedde i organisasjonen.

Eg er framleis ein vanleg klubbspelar – utan større sportslege ambisjonar, men eg har i tillegg valgt å engasjera meg i det organisatoriske arbeidet, gjennom å ta min tørn i den dugnadsinnsatsen som krevst for å få ein organisasjon som NBF til å fungera.

NBF er 75 år, men eg vågar påstanden at vi fortsatt har ein umoden organisasjon. Lang røynsle frå ulike andre organisasjonar gjer at eg trygt kan seia dette. Men nettopp Jan Aasen gjorde utan tvil mykje i sin førre presidentperiode for å gjera NBF til ein meir moderne og profesjonell organisasjon. Var det ikkje i Jan sin leiarperiode dei grep blei gjort, som gjer at vi nå har ein organisasjon som nå – i alle høve på sentralleddet - fungerer godt?

Sjølvsagt er ikkje Jan Aasen perfekt og feilfri. Kven er vel det? Men eg trur likevel vi treng ein person med Jan Aasen sine kvalifikasjonar og visjonar for å halda fram med å gjera NBF til ein dynamisk og moderne organisasjon.

Eg kjenner fortsatt ikkje Jan Aasen, sjølv om eg har snakka med han på telefonen. Men eg har vore i kontakt med fleire som kjenner han godt, og som eg stolar på . Mange av desse har gitt dei beste skussmål til Jan. Eg kjenner sjølvsagt og mange gode bridgevenner som ytrar seg negativt til Jan Aasen, men felles for dei aller fleste av desse er at dei – som meg – ikkje kjenner han, men baserer sine vurderingar på rykter og møkkaspreiing.

Dette er ein annan viktig grunn til at mi støtte nå utan atterhald går til Jan Aasen. Eg kan på ingen måte akseptera dei metodar og argument som enkelte i vår har brukt for å sverta Jan Aasen og svekke hans kandidatur. Det Tommy Sandsmark har gjort – med fullt overlegg – høyrer ikkje heime i nokon organisasjon. Det gjer heller ikkje den moldvarpverksemda som nå føregår på ulike nivå i organisasjonen, anten det er gjennom diskret kviskring i gangane eller elefant i glasmagasina a la Sandsmark.

Her handlar det også om organisasjonskultur og folkeskikk.

Kor står de som på tinget for to år sidan hylla Jan Aasen for innsatsen i organisasjonen og med akklamasjon vedtok å tildela Jan - som yngste medlem nokon sinne – NBF sitt heidersteikn? Det er vel ingen av dykk som nå ved neste korsveg er med på ”heksejakta” mot Aasen?

Eg har sjølvsagt ikkje noko mot at det i ein demokratisk organisasjon er debatt kring eit val – og at det evt. blir reist motkandidatar. Men nå håpar eg at alle som ønskjer å bidra konstruktivt til NBF sitt beste, kan stå fram og seia kven dei vil ha som leiar i NBF, og kvifor dette er eit betre val enn Jan Aasen. Viss dei ikkje klarar dette vil eg oppmoda dei til å halde fred – for bridgen si skuld.

*Bjørn Svela*